



OSLO TINGRETT

DOM

Sagt: 13. juni 2018

Saksnr.: 17-200688 TVI-OTIR/04

Dommar: Tingrettsdommar Oddmund Svarteberg

Saka gjeld: Tvist om likningsvedtak for 2012, 2013 og 2014 skal opphevast

Lyse Produksjon AS

Advokat Finn Backer-Grøndahl med
rettsleg medhjelpar advokatfullmektig

Partshjelpar: Energi Norge

Advokat Bendik Christoffersen

mot

Staten v/Sentralskattekontoret for
storbedrifter

Advokat Nils Sture Nilsson med
rettsleg medhjelpar advokat Karen Mellingen

Det blei sagt slik

d o m :

Saka gjeld tvist om eit vedtak av 21. juni 2017 av Sentralskattekontoret for storbedrifter er ugyldig. Partane er usamde om arbeid på ein demning i eit vasskraftmagasin, skal klassifiserast som vedlikehald som gir rett til direkte frådrag av kostnadene med arbeida ved fastsetting av alminneleg inntekt og grunnrenteinntekt, eller om dei i all hovudsak skal aktiverast og førast til frådrag i skatten ved avskrivningar med 1,5 % i året i 67 år, jf. skattelova § 18-6 fjerde ledd.

Bakgrunnen for saka

Svartevattn ligg på grensa mellom kommunane Sirdal i Vest-Agder fylke og Forsand i Rogaland fylke. Vatnet er ved utlaupet demd opp med ein fyllingsdemning med morenekjerne som var ferdig bygd i 1976, og som då var 129 meter høg. Vassmagasinet som blei skapt ved oppdemninga som den gongen var det største i Nord-Europa, er eit fleirårig magasin som rommar nær 1.400 millionar m³ vatn når det er fullt.

Sira-Kvina Kraftselskap DA eig Svartevassdemninga og dei fire kraftverka Duge, Tjørhom, Tonstad og Åna-Sira som brukar vatnet i magasinet til straumproduksjon, men det er eigarane av selskapet som svarar skatt til staten. Mellom dei er saksøkaren i saka her, Lyse Produksjon AS, som har ein eigardel på 41,1 % i Sira-Kvina Kraftselskap. Lyse Produksjon er ein del av Lyse-konsernet som blir eigd av 16 kommunar i Sør-Rogaland.

Frå 1. januar 2010 blei ny forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta) sett i kraft. Den innførte eit nytt system for klassifisering av demningar og endringar i tekniske krav. Dei strengaste krava er stilt til demningar i konsekvensklasse 3 og 4. Brot på demningar som kan medføre at meir enn 150 bustadeiningar kan bli ramma, skal settast i klasse 4, og der er Svartevassdemninga plassert.

Dei tekniske krava i damsikkerheitsforskrift til demningar i konsekvensklasse 3 og 4 medførte at Svartevassdemninga måtte forsterkast for å tole tusenårs flaum, krig, terrorangrep og flodbølger m.v. Sira-Kvina Kraftselskap vedtok på grunn av det at det skulle gjerast tiltak på den, og følgjande tiltak blei gjort:

1. Heving av damkrona me to meter til kote 905,0 med ei breidde på 6,5 meter
2. Heving av tetningskjernen til kote 902,0 med ei breidde på 4,0 meter i HRV-nivå
3. Oppstramming av oppstraums skråning frå ca. kote 895,0 til 1 : 1,15
4. Påbygging av nedstraums skråning frå fundamentnivå med skråningshelling 1 : 1,5

Det blei også vedteke at det skulle gjerast endringa i overlaupskonstruksjonen, men dei tiltaka er ikkje ein del av tvisten her.

NVE godkjende ved brev av 13. april 2011 planane for ombygging av Svartevassdemninga, og arbeida på den begynte same år.

I sjølvmeldingane for 2012, 2013 og 2014 førte Lyse Produksjon opp vedlikehaldskostnader på ca. 12,1, 19,9 og 12,1 millionar kroner, i alt 44,1 millionar kroner, som sin del av kostnadene med arbeida på Svartevassdemninga i dei åra.

Sentralskattekontoret for storbedrifter varsla Lyse Produksjon ved brev av 18. november 2014 og 18. desember 2014 om endring av likningane for 2012 og 2013. Ved brev av 5. februar 2016 varsla skattekontoret Lyse Produksjon om det også var aktuelt å endre likninga for 2014.

21. juni 2017 fatta Sentralsskattekontoret for storbedrifter vedtak om at kr 43.129.944 av total kostnader på kr 44.773.944 i 2012, 2013 og 2014, var aktiveringspliktige, mens kr 1.644.000 blei godkjend som vedlikehaldskostnader som kom til direkte frådrag.

Saksgangen for retten

Lyse Produksjon AS gjekk ved stemning av 21. desember 2017 til søksmål mot staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter med påstand om at kontoret sitt vedtak av 21. juni 2017 skal opphevast. Energi Norge erklærte i stemninga partshjelp til støtte for Lyse Produksjon, jf. tvistelova § 15-7 første ledd bokstav b.

I tilsvar av 19. januar 2018 imøtegjekk staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter kravet og la ned påstand om frifinning.

Etter eitt planleggingsmøte og elles skriftleg saksførebuing, blei hovudforhandling halde i Oslo tinghus 30. mai t.o.m. 1. juni 2018. Økonomisjef Hans Wilhelm Vedøy i Lyse Produksjon AS møtte som partsrepresentant i lag med selskapet sin prosessfullmektig advokat Finn Backer-Grøndahl og rettsleg medhjelpar advokatfullmektig Håkon Ness Ødegården. Advokat Bendik Christoffersen møtte som prosessfullmektig for partshjelparen Energi Norge. Advokat Nils Sture Nilsson frå regjeringsadvokaten møtte som prosessfullmektig for staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter saman med rettsleg medhjelpar advokat Karen Mellingen. To tilsette i Sentralsskattekontoret for storbedrifter var til stades under heile hovudforhandlinga. Ein privat engasjert sakkunnig og tre vitne forklarte seg for retten. Det går fram av rettsboka og dokumenta i saka kva dokument det blei dokumentert frå under hovudforhandlinga.

Partane sine påstandsgrunnlag og påstandar

På vegne av **saksøkaren** Lyse Produksjon, har advokat Backer-Grøndahl i hovudsak gjort gjeldande:

Problemstilling

Spørsmålet er om Lyse Produksjon har rett til direkte frådrag for pådradde kostnader knytt til arbeida på Svartevassdemninga ved fastsetting av alminneleg inntekt og grunnrenteinntekt etter skattelova § 6-1, § 6-11, og § 18-3, eller skal kostnadene aktiverast etter skattelova § 18-6 fjerde ledd og frådragsførast gjennom avskrivningar med 1,5 % i året i 67 år.

Rettslege utgangspunkt

Skattelova § 6-1

Det er viktig å gå rett veg for å kome fram til det korrekte resultatet som ein finn i skattelova i § 6-1, men frådragsretten går også fram av skattelova 6-11. Det overordna vurderingstemaet er i praksis det same i begge føresegnene, men ein må vurdere den konkrete situasjonen.

Vurderingstemaet er om kostnadene i saka her knyter seg til verdireduksjon som alt har skjedd, eller til framtidig inntektsskaping. Det eine ytterpunktet er kostnader som ikkje har betydning for seinare inntektsår. Slike kostnader kan frådragsførast direkte som kostnader til vedlikehald. Det andre ytterpunktet er kostnader som berre har betydning for framtidige inntektsår. Slike kostnader skal aktiverast og avskrivast. Kostnader mellom desse to ytterpunkta kan vere både og, og i dei tilfella må det til ei nærmare vurdering der spørsmålet er kva kriterium som då gjeld og kva vekt dei skal tillegast.

Skattelova § 6-11

På side 186 og 187 i "Lærebok i skatterett" av Fredrik Zimmer står det: «*Påkostninger o.l. har verdi for inntektsskaping også i senere år (varig verdi), mens vedlikehold osv. refererer seg til inntektsskaping det aktuelle året (eller kanskje rettere: dette og tidligere år da slitasjen har funnet sted).*»

Kostnader med å føre gjenstanden tilbake til tidlegare standard (høg, middels og låg) eller til same relative standard, er vedlikehald, men blir den tidlegare standarden heva, vil kostnadene med det vere påkostnad.

Betydninga av skjerpa offentlege krav og pålegg

Arbeida på Svartevassdemninga har ingen økonomisk verdi for Lyse Produksjon i form av inntektsskaping i framtida. Arbeida bygde ikkje på ei kost-nytte-vurdering, men på eit pålegg av NVE som ikkje gjorde nokon kost-nytte-vurdering på førehand. Skatterettspraksis knytt til arbeid som er gjort frivillig, har derfor ingen overføringsverdi.

Rettskjelder

Ordlyden

Det er skattelova § 6-1 som gir rettleiing ved tolkinga av oppofringskravet. Kva vedlikehald er etter ei språkleg forståing, løyser ikkje spørsmålet i saka her.

Forarbeida

I Ot.prp. nr. 46 (1971-1972) står det på side 3 at kostnader som er påført på grunn av skjerpa offentlege krav som ikkje gir ein motsvarande fordel for den som er påført kostnadene, gir rett til direkte frådragsføring. Det er heilt i samsvar med gjeldande rett etter Lyse Produksjon sitt syn.

I Ot.prp. nr. 35 (1990-1991), står det på side 188 at: «*Alle driftsmidler av varig verdi bør aktiveres og avskrives i takt med den faktiske verdiforringelsen.*» Her stiller departementet opp kriteriet «varig verdi» for at kostnader skal kunne aktiverast.

Rettspraksis

I alle høgsterettsdommane om grensa mellom vedlikehald og påkostnad, var kostnadene som var pådradde, gjort etter eige ønskje og ikkje etter pålegg, og er derfor ikkje relevante i saka her. Dommen av Frostating lagmannsrett av 10. mai 2002 i sak LF-2001-849 gjeld eit anna forhold enn saka her. Det er dessutan usikkert om rettsbruken er rett, men skatteytaren hadde ikkje grunn til å anke dommen sidan han fekk medhald på eit anna grunnlag.

Juridisk teori

I Norsk Bedriftsskatterett av Gjems-Onstad m.fl., Gyldendal niande utgåve 2015, står det: «*Det må uansett skilles mellom direkte utgiftsføring av et nytt driftsmiddel på den ene side og endringsarbeider på et eksisterende driftsmiddel grunnet miljøpåbud på den annen. Må et driftsmiddel helt skiftes ut, vil det foreligge aktiveringsplikt selv om bakgrunnen er et miljøpåbud som ikke gir bedre yteevne eller verdiøkning. ... Svaret kan bli et annet dersom det dreier seg om utbedring av eksisterende driftsmidler for å bringe disse i overensstemmelse med offentlige påbud eller standarder.*»

Oppsummering

Dersom motytinga ikkje med tilstrekkeleg grad av sikkerheit vil påverke inntektsforholda i seinare år, skal kostnadene gå til direkte frådrag. Grensa mellom vedlikehald og påkostnad tek sikte på å avgjere det same. Det følgjer av at det i HR-2016-1801-A (Norrøna) står i avsnitt 40 at: «*Det er styrende for grensdragningen her hvorvidt utbedringen refererer til inntektskapningen i inntektsåret eller tidligere år, eller om den har mer preg av investering med sikte på å skape inntekter i fremtiden.*»

Skjerpa offentlege krav og pålegg tilseier ikkje aktivering, men tvert om frådragsføring, jf. Ot. prp. nr. 46 (1971-72) og Ot.prp. nr. 35 (1990-91).

Subsumsjonen

Arbeida på Svartevassdemninga har ikkje tilstrekkeleg betydning for inntektsskaping i framtida.

Funksjonelle, økonomiske og fysiske kriterium blir brukt for å avgjere om det finst varig verdi. Det funksjonelle kriteriet skal tilleggast spesiell vekt, jf. HR-2016-1801-A (Norrøna) avsnitt 40.

HRV (høgste regulerte vasstand i magasinet) og oppmaganisert vatn er uendra, og det er ingen nye funksjonar ved demninga. Den gir heller ikkje auka avkasting og har ikkje auka i verdi, men arbeida på den har gjenoppretta verdireduksjonen.

Det er tale om nokre få fysiske endringar, men dei er relativt sett små med ca. 8,2 % auka masse i demninga og ca. 4,7 % auka breidde i botnen frå ca. 400 til ca. 419 meter. Det er ikkje tilstrekkeleg til at kostnadene med arbeida må aktiverast.

Ved beredskap og krig skal samfunnet ta over alle kraftanlegg, jf. energilova § 9-1, noko som i ennå større grad gjer at utgiftene ikkje vil vere av verdi for skatteytaren. Det i motsetning til marknadsføringskostnader som i alle fall gir skatteytaren ei moglegheit til å få nytte av kostnadene i framtida.

Betydninga av (eventuell) auka sikkerheitsmargin

Det er tale om auka sikkerheitsmargin for heilt ekstraordinære situasjonar der sannsynlegheita for krig og terrorhandlingar mot demninga, er ca. 0,0018 %. Det er heilt usannsynleg at arbeida vil få nokon faktisk betydning for framtidige år.

Standardheving

Sikkerheitskrava endra seg etter at demninga var bygd som krav til materiale og byggemåte, noko som skapte behov for vedlikehald, jf. vassressurslova § 38. Demninga fekk dermed ein verdireduksjon i åra etter at den var bygd av di verda endra seg slik at den blei utidsmessig. Pålegget blei gitt for å få gjenoppretta standarden frå å vere utidsmessig til igjen å bli tidsmessig. Alle kostnadene blei dermed pådradde med omsyn til fortida og ikkje med omsyn til framtida. Då demninga blei var bygd var den topp sikker og det er den nå igjen.

Til staten sine argument

At HRV (høgste regulerte vasstand i magasinet) kunne senkast var ikkje eit realistisk alternativ, og frådagsretten må vurderast ut frå det som er gjort og ikkje ut frå det som kunne ha vore gjort.

Lyse Produksjon AS la under hovudforhandlinga ned slik påstand:

1. Sentralskattekontoret for storbedrifters vedtak av 21. juni 2017 oppheves.
2. Lyse Produksjon AS tilkjennes sakskostnader.
3. Energi Norge tilkjennes sakskostnader.

På vegne av **partshjelparen**, Energi Norge, har advokat Christoffersen i hovudsak gjort gjeldande:

NVE sitt pålegg om å forsterke demningar til vasskraftmagasin har ført til svært store kostnader for vasskraftprodusentane som kan utgjere åtte til ti milliardar kroner, og då er det urimeleg at kostnadene ikkje skal kunne utgiftførast direkte. Avskrivingsperioden er 67 år og dermed vil den lange avskrivningstida vere av betydning med omsyn til om dei pålagte kostnadene skal utgiftførast direkte eller aktiverast.

Svartevassdemninga har ein betydeleg samfunnsfunksjon i form av sikkerheit for straum-leveransar, og flaumdemping. Samfunnet har følgjeleg stor interesse i at demninga fungerer. Det er ikkje gitt at ansvarlege myndigheiter som følgje av samfunnsfunksjonane demninga har, ville ha godteke ei senking av den høgste regulerte vasstanden i magasinet (HRV).

Tiltaka NVE har pålagt, har ikkje ingen betydning for demninga sin funksjon, men skal i all hovudsak sikre mot krig og terror, og heilt ekstraordinære naturforhold. Då er det spesielt at det ikkje er gjort kost-nytte-vurderingar før pålegget blei gitt slik det blir gjort ved utbetring av vegar. Det er følgjeleg ukjend kva verdi tiltaka har for kraftleverandørane og samfunnet.

Ein kan ikkje sete likskapsteikn mellom kostnadene og verdien for skatteytarane. Det er bytta ut stein i demninga, men det har ingen verdi for skatteytarane. Staten deltek elles i kraftproduksjonen gjennom grunnrenteskatten som for tida er på 35,7 %, men tek ikkje noko ansvar for kostnadene med tiltaka anna enn ved avskrivning av dei over 67 år.

Energi Norge slutta seg til Lyse Produksjon sin påstand under hovudforhandlinga.

På vegne av den **saksøkte** staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter, har advokat Nilsson i hovudsak gjort gjeldande:

Vurderingstemaet

Tvistepunktet i saka er oppofringsvilkåret i skattelova § 6-1. Retten til direkte frådrag for kostnader med arbeid på fysiske driftsmiddel, blir regulert av skattelova § 6-11, men skattelova § 6-1 seier det same. I ein dom i sak HR-2016-1801-A (Norrøna) står det i avsnitt 33 og 57 at direkte frådragsrett etter skattelova § 6-1 ikkje går lenger enn etter skattelova § 6-11.

I følgje skattelova § 6-11 blir det gitt direkte frådrag for vedlikehaldskostnader, og det må inntolkast at arbeid som ikkje er vedlikehald, er påkostnader som kan aktiverast og avskrivast dersom det er avskrivingsrett, noko som har god rettskjeldemessig dekning. Spørsmålet om direkte frådragsrett eller aktivering og avskrivning av kostnadene med arbeida på Svartevassdemninga, må følgjeleg løysast ved grensdraging mellom vedlikehald og påkostnad.

Vurderingstemaet blir ikkje eit anna dersom kostnadene er pådradde som følgje av offentleg pålegg. Det går mellom anna fram av Ot.prp. nr. 35 (1990-1991) på side 118 og Ot.prp. nr. 86 (1997-1998) på side 2, og av ein dom av Frostating lagmannsrett i sak LF-2001-849.

Skiljet mellom vedlikehald og påkostnad

Vedlikehald er arbeid som fører gjenstanden tilbake til den opphavlege tilstanden. Endringar og utbetringar ut over det, er påkostnad. Moment som kan brukast ved vurderinga av om arbeida gjenopprettar opphavleg standard eller fører til utbetring eller endring, er fysisk/tekniske forhold, økonomiske konsekvensar og funksjonelle forhold.

Det er ikkje eit vilkår for aktivering av kostnadene at arbeida på driftsmidlet har ført til auka avkasting for skatteytaren, noko som går fram av Ot.prp. nr. 35 (1990-1991) på side 118. Heller ikkje er det eit vilkår at driftsmidlet har auka i verdi.

Den konkrete vurdering av arbeida på Svartevassdemninga

Vurderingstemaet går fram av ein dom i HR-2016-01801-A (Norrøna) der det står i avsnitt 40: *«Det er altså et minstekrav for å kunne trekke fra kostnader til vedlikehold at det foreligger et vedlikeholdsbehov. Kostnader «til utbedringer ut over dette», slik førstevoterende ordlegger seg i Christensen-dommen fra 1999, må aktiveres som påkostninger. ...»*

Brev fra Skatteetaten til Advokatfirmaet Thommessen AS av 5. februar 2016, til Skatteetaten frå Advokatfirmaet Thommessen AS av 29. februar 2016, og frå Sikra-Kvina Kraftselskap til Lyse AS av 3. mars 2016, er tilstrekkeleg til å slå fast at formålet med arbeida på demninga ikkje var å få dekkja eit vedlikehaldsbehov, men å gjere demninga sterkare og sikrare som følgje av pålegg av staten. Minstekravet om at arbeida skulle utbetre eit vedlikehaldsbehov, er følgjeleg ikkje oppfylt. Dermed er det tale om ein påkostnad.

Uansett toler demninga i dag større påkjenningar enn tidlegare og har følgjeleg fått ein standard den ikkje hadde før, altså betre enn opphavleg standard.

Motparten har gjort gjeldande at arbeida ikkje har tilført demninga auka varig verdi, men det er ikkje av betydning med omsyn til om det er tale om påkostnad eller ikkje. Forsterkinga av Svartevassdemninga vil uansett vere til glede for eigarane i mange år framover og dermed har arbeida tilført den ein varig verdi. Slik sett er det ingen skilnad mellom det å bygge demninga og å forsterke den i ettertid.

Staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter la under hovudforhandlinga ned slik påstand:

1. Staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter frifinnes.
2. Staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter tilkjennes sakskostnader.

Retten si vurdering

Problemstilling

Spørsmålet er om kostnadene knytt til arbeida på Svartevassdemninga i 2012, 2013 og 2014, skal klassifiserast som vedlikehaldsutgifter som skal kome til direkte frådrag i Lyse Produksjon si alminnelege inntekt og i grunnrenteinntekta, eller om dei ikkje skal aktiverast og kome til frådrag i skatten ved avskrivningar etter skattelova § 18-6 fjerde ledd. I tillegg til skatt av alminneleg inntekt, betaler eigarar av kraftverk grunnrenteskatt til staten i medhald av skattelova § 18-3, men partane er samde om at vilkåra for å ha rett til direkte frådrag for vedlikehaldskostnader ved fastsetting av grunnrenteinntekta er dei same som ved fastsetting av alminneleg inntekt, jf. skattelova § 18-3 tredje ledd bokstav a nr. 1.

Rettslege utgangspunktet

Skattelova kapittel 6 har reglar om frådrag i alminneleg inntekt. I skattelova § 6-1 som er hovudregelen om frådrag, står det i første ledd:

Det gis frådrag for kostnad som er pådradd for å erverve, vedlikeholde eller sikre skattepliktig inntekt. Bestemmelser som presiserer, utvider eller innskrenker frådragsretten for kostnader som nevnt i forrige punktum er gitt i §§ 6-10 til 6-32.

Første setninga i føresegna stiller opp to vilkår for at ein skatteytar skal ha rett til frådrag for kostnader i den alminnelege inntekta si. For det første må det vere tale om ein ”kostnad” som er ”pådradd”. Det inneber at det må ha skjedd ei oppofring av ein fordel, noko partane er usamde om er tilfelle i saka her. Det andre vilkåret er at oppofringa må vere knytt til inntekt eller inntektsskapande aktivitet, noko som går fram av formuleringa ”... for å erverve, vedlikeholde eller sikre skattepliktig inntekt”. Partane er samde om at tilknytingsvilkåret er oppfylt i saka her.

I skattelova § 6-10 ”Avskrivning” står det i første ledd:

Det gis frådrag for avskrivning for verdiforringelse ved slit eller elde på betydelige driftsmidler, jf. §§ 14-30 flg.

I skattelova § 6-11 om ”Vedlikehold og forsikring av hus, skip og andre driftsmiddel” står det i første setning:

Det gis frådrag for kostnad til vedlikehold og forsikring av hus samt lignende kostnad for skip, fiskebåt og annet driftsmiddel.

Er begge vilkåra i skattelova § 6-1 til stades, vil dei aktuelle kostnadene kunne kome til frådrag i inntekta til skatteytaren i det same året som dei er pådradd dersom det er tale om vedlikehalds-

kostnader, jf. skattelova § 6-11. Er kostnadene ikkje pådradde ”til vedlikehold”, vil dei kunne aktiverast og avskrivast over fleire år dersom vilkåra for det er til stades, og då kan dei årlege avskrivningane kome til frådrag i inntekta til skatteytaren i medhald av skattelova § 6-10.

Oppofringsvilkåret med omsyn til kostnader på fysiske driftsmiddel

I ”Lærebok i skatterett” av Fredrik Zimmer står det på side 186 og 187 under punkt 7.3.3 ”Fortsettelse: ”Påkostning” eller ”vedlikehold””: *”Påkostninger og lignende har verdi for inntektsskapning også i senere år (varig verdi), mens vedlikehold osv. refererer seg til inntektsskapning det aktuelle år (eller kanskje rettere: dette og tidligere år da slitasten har funnet sted). Grensen mellom de to typene utbetalinger (stikkordmessig gjerne kalt ”påkostning” og ”vedlikehold”) er derfor praktisk viktig og vanskelig, ...”*

I ein dom av 25. august 2016 i sak HR-2016-1801-A (Norrøna) står det i avsnitt 37 og 38:

Skatteloven § 6-11 bruker uttrykket ”kostnad til vedlikehold” for å angi gjenstanden for frådrag. Loven definerer ikke hva som er ment med ”vedlikehold”. Ut fra en alminnelig språklig forståelse er det nærliggende at det siktes til det som må til for å opprettholde eiendelens tilstand. I Ot.prp.nr.86 (1997-1998) side 60 presiseres det, i tråd med den utlegningen av ordlyden, at retten til frådrag for vedlikehold er begrenset til kostnader som er ”nødvendig for å holde objektet ... i samme stand som da det var nytt, eventuelt bringe det tilbake til opprinnelig stand”.

Det nærmere innholdet i vedlikeholdsbegrepet er utover dette først og fremst utviklet gjennom lignings- og rettspraksis. I Rt-1999-1303 (Christensen) uttrykker førstevoterende det slik:

”Som vedlikehold anses å sette gjenstanden tilbake i opprinnelig stand. Arbeidene må dekke et vedlikeholdsbehov. I den utrekning det i forbindelse med rehabilitering av et hus foretas utbedring som går utover dette, vil utgiftene bli å aktivere som en del av kostprisen. Det er den stand huset opprinnelig hadde, redusert med slit og elde, som det kan vedlikeholdes tilbake til. Dette gjelder også dersom det – som i dette tilfellet – har skjedd et eierskifte, jf. flertallsvolumet i Rt-1940-954 (von Koss).”

I Skatteetaten sin ”Skatte-ABC 2017/2018” står det på side 1480 under overskrifta ”5.3 Forbedring av formuesobjekt, generelt” i andre avsnitt:

Ved avgjørelsen av om det er skjedd en forbedring må det tas hensyn til utviklingen som har funnet sted i materialbruk mv. siden gjenstanden var ny. Foretas utskifting av eldre deler med nye som etter dagens nivå tilsvarende samme standard (lav, middels eller høy) som formuesobjektet har vært i tidligere, skal hele kostnaden regnes som vedlikehold, jf. FIN 23. september 1975 i Utv. 1975/586. Forutsetningen er at den eldre delen trengte utskifting.

I den same dommen i sak HR-2016-1801-A (Norrøna) står det i avsnitt 42:

Endringer av en eiendom, eller av en del av den, er ikke vedlikehold i skattelovens forstand. Kostnadene ved endringsarbeider kan derfor normalt ikke trekkes fra etter skatteloven § 6-11, men må aktiveres som en påkostning. Her er det likevel gjort visse

tilpasninger i ligningspraksis, som innebærer at det etter omstendighetene likevel gis fradrag for endringer med hjemmel i § 6-11.

I Skatteetaten sin ”Skatte-ABC 2017/2018” står det på side 1480 under overskrifta ”5.4 Forbedring/ending, påkostninger som trer i stedet for vedlikehold”:

Var det nødvendig å reparere eller vedlikeholde den delen av formuesobjektet som påkostningsarbeidet utføres på, har skatteyteren krav på fradrag for hva det ville ha kostet å utføre reparasjonen eller vedlikeholdet (tenkt vedlikehold). Dette gjelder både hvor påkostningene består i forbedringer og hvor det gjelder endringsarbeider. Fradrag for tenkt vedlikehold gis bare for

- faktisk påløpte kostnader til forbedringer/endinger begrenset oppad til det beløpet som tenkt vedlikehold ville kostet.
- kostnader begrenset oppad til tenkte vedlikeholdskostnader innen samme standard som tidligere (lav, middel, høy)
- kostnader til endringer som etter sin karakter virkelig erstatter vedlikehold, og der preg av investering eller nyanskaffelse heller ikke er det dominerende.

Ved vurderingen av om endringen får karakter av investering eller nyanskaffelse må det ses hen til fysisk-tekniske, økonomiske og funksjonelle forhold. ...

Retten slår fast at utgangspunktet er at arbeid på eit fysisk driftsmiddel er vedlikehold i skattelova sin forstand dersom arbeida fører driftsmidlet tilbake til opphavleg stand. Dessutan vil det vere vedlikehold i skattelova sin forstand dersom eldre delar blir skifta ut med nye som etter dagens nivå tilsvarar den same standarden som tidlegare. Endeleg vil endringsarbeid kunne gi rett til direkte skattemessig frådrag som ”*tenkt vedlikehold*” ved at nødvendig vedlikehold fell bort som følgje av endringsarbeida. Kva arbeid som er vedlikehold i skattelova sin forstand, er såleis positivt avgrensa. Kostnader til arbeid på eit fysisk driftsmiddel som ikkje er vedlikehold i skattelova sin forstand, skal i følgje punkt 5.1 på side 149 i Skatteetaten sin ”Skatte-ABC 2017/2018” derimot ”*anses i denne sammenheng som påkostning og kostnadene skal legges til formuesobjektets inngangsverdi (aktiveres), og kommer først til fradrag ved realisasjon/uttak eller eventuelt ved avskrivning*”.

Sjølv om utførte arbeid skulle vere vedlikehaldsarbeid i skattelova sin forstand, er ikkje det tilstrekkeleg av di det er eit absolutt vilkår for direkte frådragsrett for kostnader med vedlikehaldsarbeid, at det førelåg eit vedlikehaldsbehov, noko som inneber at ein ikkje kan utføre vedlikehold før behovet for det har oppstått dersom ein vil ha rett til å frådragsføre kostnadene direkte i den alminnelege inntekta. Det går fram av dommen i sak HR-2016-1801-A (Norrøna) i avsnitt 40 der det står:

Det er altså et minstekrav for å kunne trekke fra kostnader til vedlikehold at det foreligger et vedlikeholdsbehov. Kostnader til utbedringer ut over dette, slik førstevoterende ordlegger seg i Christensen-dommen fra 1999, må aktiveres som påkostninger. ...

Det same går fram av Rt. 1999 side 1303 der det står på side 1307: «*Som vedlikehold anses å sette gjenstanden tilbake i opprinnelig stand. Arbeidene må dekke et vedlikeholdsbehov*».

Innleiing

Lyse Produksjon har gjort gjeldande at utgangspunktet ved vurderinga av om arbeida på Svartevassdemninga er vedlikehald, er skattelova § 6-1 og ikkje § 6-11. I "Lærebok i skatterett" av Fredrik Zimmer, sjuande utgåve 2014, står det på side 181 at skattelova § 6-11 er ei presiserande føresegn i høve til hovudregelen i skattelova § 6-1 første punktum, som ikkje utvidar eller innskrenkar hovudregelen. Det same står i avsnitt 33 og 57 i ein dom i sak HR-2016-1801-A (Norrøna). Ut frå dei to uttalene synest det ikkje å vere nærliggande at kostnader som ikkje er vedlikehaldskostnader etter § 6-11 likevel kan vere det etter skattelova § 6-1, men retten går likevel inn på Lyse Produksjon sine argument for det.

Om arbeida var vedlikehald av di dei blei utført som følgje av offentleg pålegg

Arbeida på Svartevassdemninga måtte gjerast på grunn av pålegg av NVE. Bakgrunnen for pålegget var at demningar til vasskraftproduksjon skulle gjerast sterkare og dermed sikrere ved naturkatastrofar og terrorangrep.

Slik retten forstår det, har Lyse Produksjon gjort gjeldande at pålegget frå NVE gjorde at demninga blei tidsmessig og at arbeida dermed må sjåast som vedlikehald for å få den tilbake i tidsmessig stand. Eit liknande argument blei brukt i sak LF-2001-849 for Frostating lagmannsrett. I dommen av 10. mai 2002 står det: *"Direkte utgiftsføring etter tidligere skattelov § 44 første ledd litra b aksepteres for utgifter som bringer en eiendom eller en del av en eiendom tilbake til den standard den tidligere har hatt. Det synes noe kunstig å skulle bringe utgiftene inn i denne kategorien ved å si at skatteyteren har brakt kloakkanlegget tilbake til et anlegg som tilfredsstillter myndighetenes krav."*

Etter at Svartevassdemninga var bygd, blei krava til demningar til vasskraftproduksjon, strengare. Slik sett blei arbeida som blei utført på demninga i 2012, 2013 og 2014, gjort for å få den i tidsmessig stand i tråd med nye krav til høgare standard enn det den var bygd i medhald av. At kravet til høgare standard kom som følgje av offentlege pålegg, kan ikkje føre til at det likevel ikkje er tale om endring av standarden ut frå det argumentet at Svartevassdemninga etter forsterkinga er i den same tidsmessige standen som den gongen den blei bygd.

Elles viser retten til at det i Ot.prp. nr. 35 (1990-1991) står på side 117 at: *"Et krav om aktivering og avskrivning bør gjelde selv om investeringene må foretas som følge av offentlige påbud."* I dommen av Frostating lagmannsrett i sak LF-2001-849 står det på side 4 at: *"Det synes å fremgå av Ot.prp. nr. 35 (1990-1991) at miljøinvesteringer, også som følge av offentlig pålegg, skal aktiveres og avskrives, selv om det ikke dreier seg om en investering som fører til økt avkastning i bedriften."* Dessutan står det i "Skattelovkommentaren 2003/2004" på side 459: *"At utbedringer eller endringer av en gjenstand er nødvendig for at bruken skal være lovlig – gjerne etter nye krav fra myndighetenes side – er ikke avgjørende for grensdragningen. Endrings-*

arbeider eller påkostninger kan likevel ikke trekkes fra, slik Utv. 1986 s. 516 SKD som gjaldt utkobling av septiktank etter offentlig pålegg.”

I Norsk Bedriftsskatterett av Gjems-Onstad m.fl., Gyldendal niande utgåve 2015, er det skrive: «*Det er ikke lett å se at holdningen i denne snart 25 år gamle uttalelsen fra FIN [I Ot.prp. nr. 35 (1990-1991) side 118] harmonerer med dagens bevissthet om bærekraftig miljø. Det må uansett skilles mellom direkte utgiftsføring av et nytt driftsmiddel på den ene side og endringsarbeider på et eksisterende driftsmiddel grunnet miljøpåbud på den annen. Må et driftsmiddel helt skiftes ut, vil det foreligge aktiveringsplikt selv om bakgrunnen er et miljøpåbud som ikke gir bedre yteevne eller verdiøkning. ... Svaret kan bli et annet dersom det dreier seg om utbedring av eksisterende driftsmidler for å bringe disse i overensstemmelse med offentlige påbud eller standarder.»*

Retten finn at det er sikker rett at nye krav frå staten si side til eit fysisk driftsmiddel ikkje er av betydning for om kostnader knytt til arbeid på driftsmidlet gir rett til direkte frådragsføring eller om dei må aktiverast og eventuelt avskrivast. Det som er av betydning er om krava fører til forbetring (standardheving) eller endring av driftsmidlet. Det må vere opp til lovgivar og ikkje til domstolane å ta stilling til om den rettstilstanden bør endrast.

Om det er eit vilkår at arbeida på Svartevassdemninga har ført til økonomiske konsekvensar

Lyse Produksjon har vist til at det i Ot.prp. nr. 35 (1990-1991) ”Skattereformen” står på side 118 at: *”Alle driftsmidler av varig verdi bør aktiveres og avskrives i takt med den faktiske verdiforringelse.”* Den setninga står under punkt 6.5 ”Miljøverninvesteringer” i tilknytning til at departementet gjekk inn for at praksisen som hadde vore gjeldande frå 1970-åra om at *”investeringer i eller påkostninger på driftsmidler med lang levetid”* ikkje lenger skulle kunne utgiftsførast direkte, men måtte aktiverast og avskrivast. Den nemnde setninga viser aleine til driftsmiddel av varig verdig, og ikkje til kostnader knytt til arbeid på dei. Den kan derfor ikkje takast til inntekt for at lovgivar har meint at det er eit vilkår for å kunne aktivere kostnader knytt til arbeid på eit driftsmiddel med lang levetid, at arbeida har ført til at det har fått auka verdi.

Elles viser retten til at det i den same proposisjonen på side 312 er eit eige punkt om grensa mellom vedlikehald og påkostnad. Der går det fram at lovgivar ville bort frå dågjeldande regel som innebar at kjøpar av eit objekt som hadde *”utgifter til forbedringene som innebærer en verdiøkning av objektet som sådan”*, fekk utgiftsføre kostnadene direkte. Derimot måtte kjøparen aktivere vederlaget for utgiftene til det saman med resten av kostprisen, dersom seljaren sto for forbetringa. Det er i det punktet ikkje nemnd noko om krav til varig verdi.

Fredrik Zimmer seier i ”Lærebok i skatterett” på side 185 at oppofringsvilkåret i skattelova § 6-1 er eit spørsmål om *”«vederlaget» med tilstrekkelig grad av sikkerhet vil påvirke skatteytters inntektsforhold i senere år enn betalingsåret – eller, kortere og mer upresist uttrykt, om det har varig verdi for skatteyteren»*, men den uttalen står under punkt 7.3.2 ”Oppofrelse av utbetalinger

o.l". Der står det at typiske døme på pengeutbetalingar er utgifter til marknedsføring og til forskning, og at: «*Om marknedsføringen leder til økt salg, eller om forskningen leder frem til et patent, er som regel svært usikkert. Også i slike tilfeller anses pengene som er utbetalt, som oppofret.*» I det neste punktet, 7.3.3, der kostnader med arbeid på gjenstandar er behandla, står det derimot: "*Det kan godt foreligge påkostning selv om gjenstanden ikke er blitt mer verd enn før.*" Dermed kan heller ikkje Zimmer takast til inntekt for at det er eit vilkår for å kunne aktivere kostnader med arbeid på fysiske driftsmiddel, at arbeida har ført til varig verdi.

I dommen i Rt. 2014 side 108 (Statoil Angola) var det spørsmål om utgifter til leiting etter petroleum måtte aktiverast i medhald av skattelova § 6-25. Dommen gjaldt følgjeleg ei anna lovføresegn enn i saka her.

I ein dom i sak HR-2016-01801-A (Norrøna) var det gjort ei omfattande reovering av eit nærings- og bustadbygg. Spørsmålet var om kostnadene med det kunne utgiftførast direkte som "tenkt vedlikehald", eller om dei måtte aktiverast og avskrivast som ei investering. Sidan formålet med reoveringa var å tilpasse bygget til behovet til to nye leigetakarar av næringsdelen, er det naturleg at retten i den konkrete saka uttalte til slutt i avsnitt 40 at: «*Det er styrende for grensedragningen her hvorvidt utbedringen refererer til inntektsskapningen i inntektsåret eller tidligere år, eller om den har mer preg av investering med sikte på skape inntekter i fremtiden.*" Den uttalen gir dermed ikkje grunnlag for å slutte at det generelt sett er eit krav for å kunne aktivere kostnader til arbeid på fysiske driftsmiddel, at arbeida har ført til varig verdi.

På den andre sida står det i Ot.prp. nr. 35 (1990-1991) på side 142 at: «*Det er ingen forutsetning at den enkelte investering isolert sett må føre til økt avkastning i bedriften.*» I dommen av Frostating lagmannsrett i sak LF-2001-849 står det på side 4: «*Kostnad som ikke har sammenheng med vedlikehold er å regne som en påkostning, selv om arbeidet ikke fører til en verdiøkning for eieren.*» I "Bedrift, selskap og skatt" utgitt i 2014 med Fredrik Zimmer som redaktør, står det på side 91: «*Det er klart at det for aktiveringsplikt ikke kreves at gjenstanden er blitt mer verdt enn tidligere.*» Endeleg står det i Skatteetaten sin "Skatte-ABC 2017/2018" på side 1479: «*Arbeider som utelukkende består i endring av et formuesobjekt anses som påkostninger. Dette gjelder selv om arbeidet ikke fører til en verdiøkning på formuesobjektet.*»

Retten konkluderer etter denne gjennomgangen med at det ikkje er eit krav for å aktivere kostnadene med arbeida på Svartevassdemninga, at arbeida har ført til at den har blitt meir verd eller at eigarane har fått auka inntektene sine. Dermed utelukkar ikkje ein eventuell manglande økonomisk effekt for eigarane, at kostnadene med arbeida kan aktiverast og avskrivast over år. Følgjeleg er det skattelova § 6-11 slik den er tolka i rettspraksis, som vil vere avgjerande.

Om kostnadene med arbeida på Svartevassdemninga i 2012 t.o.m. 2014 skal utgiftsførast direkte

Som nemnd er det eit minstekrav for å ha rett til direkte frådrag av kostnader til vedlikehald «*at det foreligger et vedlikeholdsbehov*» som det står dommen i HR-2016-01801-A (Norrøna) avsnitt 40. Først dersom det er tilfelle, vil det kunne bli nødvendig å vurdere om kostnadene har gått med til vedlikehald eller til påkostnad. I den nemnde dommen står det i avsnitt 41 at: ”*Når denne grensen mellom vedlikehold og nyanskaffelse skal trekkes, vil økonomiske, fysisk-tekniske og funksjonelle forhold være relevante.*” I avsnitt 48 står det at når det er ”*foretatt fysiske eller tekniske endringer av noe omfang og kostnad*”, framstår det ”*som nærliggende å legge spesiell vekt på eventuelle endringer i funksjoner. ...*”

I vedtaket av 21. juni 2017 av Sentralskattekontoret for storbedrifter står det på side 15:

Arbeidene som er utført i perioden 2012 til 2014 kan oppsummeres slik:

- Bygging av nytt kronevern med kantstein. Høyden på damkronen er hevet med 2 meter og bredden er økt til 6,5 meter
- Påbygging av nedstrøms skråning
- Oppstramming av oppstrøms skråning
- Heving av damkjerne

Om damkrona står det i vedtaket:

Skattekontoret viser til at arbeidene bl.a. har medført at damkronen (toppen av dammen) er blitt hevet med 2 meter. Total høyde på dammen er som følge av dette økt fra 129 meter til 131 meter. I damkronen, som etter opplysninger gitt i notat av 27. februar 2017 fra Sira Kvina, strekker seg fra 5 meter under HRV (høyeste regulerte vannstand i magasinet) og opp til topp (både oppstrøms og nedstrøms), er det lagt to lag plastring. Det er denne konstruksjonen, som skal beskytte kronen og består av stor stein med god kvalitet plassert på en bestemt måte, som kalles kronevern eller bombekappe.

Videre er bredden på damkronen gjennom arbeidene økt til 6,5 meter. Før arbeidene varierte kronebredden fra 5,5 meter opp til 7,2 meter i følge opplysninger ffa selskapet gitt i e-post den 20. mars 2017.

Om skråninga på demninga nedstraums står det i vedtaket:

Nedstrøms skråning har fått plastring med stor stein. Videre er den gjennomsnittlige helningen på dammen (nedstrøms) endret fra helning på 1:1,35 til en helning på 1:1,50. Helning på dammen (nedstrøms) har betydning for hvilken motstandsevne dammen har mot for eksempel tilsiktet ødeleggelse (sabotasje, terror m.m.) samt for faren for setninger og deformasjon, jf. NVEs brev av 20. mars 2009.

Målt i bunnen dammen er bredden (tykkelsen) på dammen som følge av arbeidene økt med 19 meter.

Sentralskattekontoret har kome til at ”*dammen gjennom disse tiltakene [er] blitt forsterket og bygget på.*”

Om skråninga på demninga oppstraums står det i vedtaket:

Når det gjelder arbeidene på oppstrøms skråning vil kontoret vise til opplysningene i notat av 27. februar 2017 fra Sira-Kvina, punkt 1 b. Her fremgår at det oppstrøms skråning opprinnelig ble bygget med en stigning på 1:1,16. For å redusere antall kubikkmeter med masse som måtte tilføres dammen nedstrøms side, ble skråningshelningen økt (gjort brattere) til 1:1,15 fra kote 895. Med en damkrone på kote 905, etter økning av damhøyde med 2 meter, gir denne oppstrammingen en redusert bredde på 1 meter, altså 10 cm pr. høydemeter fra kote 985 til kote 905. Endringen oppstrøms medførte et redusert volum med masse på ca. 50 000 m³ i dam Svartevatn. De fysiske arbeidene bestod i å fjerne eksisterende plastring for deretter å legge på fyllmasser før ny plastring ble etablert.

Desse arbeida har Sentralskattekontoret vurdert som følger:

Arbeidene på oppstrøms skråning vurderes å være en kombinasjon av endringsarbeider og forbedringer. Oppstramming av skråningshelningen fra 1:1,16 til 1:1,15 fra kote 985 til kote 905 utgjør et endringsarbeid, mens det er gjennomført en forbedring/forsterkning fra kote 903 til 905, ved at høyden på damkronen øker med 2 meter. Både endringsarbeider og forbedringer er påkostninger som skal aktiveres på dammen.

Sentralskattekontoret har skrive om dei tre nemnde tiltaka under eitt:

Heving av damkronen, bygging av nytt kronevern samt påbygging av nedstrøms skråning må anses som tiltak som forsterker dammen og gjør den sikrere i forhold til tidligere, ved at dammen kan ivareta sin magasinfunksjon under mer krevende ytre forhold som flom og terrorangrep.

Om hevinga av kjernen i demninga står det i vedtaket:

Tiltaket i det fjerde kulepunktet, "heving av damkjerner", aksepterer kontoret som vedlikehold etter § 6-11. Kontoret viser til at dammen hadde en setning på venstre side, som det måtte gjøres noe med i løpet av perioden 2010 - 2020, uavhengig av arbeidene som ble gjort som følge av påleggene fra NVE. Arbeidene for å utbedre setningsskaden ble gjort samtidig med arbeidene selskapet måtte gjøre som følge av NVE sitt pålegg etter damsikkerhetsforskriften.

I brev av 5. februar 2016 til Advokatfirmaet Thommessen AS spurde Sentralskattekontoret for storbedrifter om det var «*et vedlikeholdsbehov på damkronen opp, -/nedstrøms skråning og flomløpet, ...*» I brev av 29. februar 2016 svara Advokatfirmaet Thommessen AS som følger:

Vi har fått opplyst at det var et begrenset vedlikeholdsbehov ved dam Svartevatn før prosjektstart. Det eneste det var behov for var en utbedring av morenekjernen til dammen. Dette arbeidet ville ha bestått i å grave seg ned til morenekjernen (ca. 3 meter) og fylle på med ny masse. ...

I brev av 3. mars 2016 til Lyse AS skreiv Sira-Kvina Kraftselskap at «*morenekjernen uansett måtte påbygges/heves i løpet av inneværende 10-årsperiode (2010-2020)*», og at det måtte gjerast tiltak på flauløpet som ikkje er ein del av saka her. Vidare står det: «*Det er ikke avdekket andre forhold som medførte behov for vedlikehold av damkonstruksjonen (krav mht. beredskapsmessig sikring er ikke medtatt)*.»

Retten finn det bevist at dei tre førstnemnde tiltaka i vedtaket av 21. juni 2017, nytt kronevern, påbygging av nedstraums skråning og oppstramming av oppstraums skråning, ikkje blei gjort fullt ut eller delvis på grunn av behov for vedlikehald, men aleine som følge av NVE sitt pålegg om at demninga måtte forsterkast for i større grad enn det som var tilfelle, å kunne stå imot meir krevjande hendingar som naturkatastrofar og terrorangrep. Dermed blei ikkje dei tre tiltaka gjort som ein konsekvens av behov for vedlikehald.

Sidan inngangsvilkåret for direkte frådrag for kostnadene med å etablere nytt kronevern, bygge på nedstraums skråning og stramme opp oppstraums skråning, ikkje er til stades, er det ikkje nødvendig at retten tek stilling til om tiltaka var vedlikehald eller påkostnad. Likevel nemner den at formålet med arbeida var å forsterke demninga slik at den i større grad enn det som var tilfelle før, kan stå imot meir krevjande hendingar som naturkatastrofar og terrorangrep. Dermed har tiltaka hatt funksjonelle konsekvensar. Også ekstra isolering av ein bygning for å vere førebudd på eventuelle komande fimbulvintrar, er forbetring/standardheving og ikkje vedlikehald uansett kor usannsynleg det er at det vil kome fimbulvintrar i overskodelig framtid.

Fysisk sett er det 8,2 % meir masse i Svartevassdemninga, den har blitt 19 meter breiare i botnen, høgda på den har auka med to meter og krona er nå 6,5 meter brei mens den før varierte frå 5,5 til 7,2 meter. Slik retten forstår det er dessutan plastringa betre og meir omfattande enn det den var før. Det er dermed tala om fysiske endringar av ikkje ubetydeleg karakter. Retten finn dessutan at ved at tiltaka har gjort demninga sterkare og dermed sikrare, er den tilført ein varig verdi sjølv om det ikkje har ført til auka kraftproduksjon og med det auka inntekter.

Ut frå det nemnde finn retten at dei tre tiltaka er ein kombinasjon av endringsarbeid og forbetring/standarheving, og ikkje kan klassifiserast som vedlikehaldsarbeid.

Konklusjonen er staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter blir frifunne.

Sakskostnadene

Staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter har vunne saka, jf. tvistelova § 20-2 andre ledd. Utgangspunktet er då i følge tvistelova § 20-2 første ledd at staten skal ha erstatta sakskostnadene sine fullt ut av motpartane med mindre nokon av unntaksføresegnene i tvistelova § 20-2 tredje ledd eller § 20-4 kjem til bruk.

Retten kan ikkje sjå at nokon av føresegnene i tvistelova § 20-2 tredje ledd kan kome til bruk sidan den meiner at saka ikkje har vore tvilsam. Heller ikkje kan den sjå at tvistelova § 20-4 kan kome til bruk. Staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter skal derfor ha erstatta sakskostnadene sine innanfor det som framstår som nødvendig og rimeleg i saka, jf. tvistelova § 20-5 første ledd.

Staten sin prosessfullmektig har lagt fram sakskostnadsoppgåve på kr 174.000 utan meirverdiavgift. Motpartane har ikkje protestert på kravet.

Retten finn at sakskostnadene staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter har kravd erstatta, har vore nødvendige og at dei ut frå omfanget og arten av saka, er rimelege. Dermed skal Lyse Produksjon og Energi Norge i solidaransvar, betale staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter kr 174.000 i sakskostnader.

D o m s s l u t n i n g :

1. Staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter blir frifunne.
2. Lyse Produksjon AS og Energi Norge skal betale staten v/Sentralskattekontoret for storbedrifter 174.000 – eittundreogsyttifiretusen – kroner i sakskostnader innan 2 – to – veker frå forkynning av dommen her.

Oddmund Svarteberg

Rettleiing om anke i sivile saker er vedlagd.

Rettleiing om anke i sivile saker

I sivile saker er det reglane i tvistelova kapittel 29 og 30 som gjeld for anke. Reglane for anke over dom, anke over orskurd og anke over beslutning er litt ulike. Nedanfor finn du meir informasjon og rettleiing om reglane.

Ankefrist og gebyr

Dersom retten ikkje har fastsett ein annan frist, er fristen for å anke ein månad frå den dagen avgjerda blei gjort kjent for deg. Desse periodane tel ikkje med når fristen blir berekna (rettsferie):

- frå og med siste laurdag før palmesøndag til og med andre påskedag
- frå og med 1. juli til og med 15. august
- frå og med 24. desember til og med 3. januar

Den som ankar, må betale behandlingsgebyr. Du kan få meir informasjon om gebyret frå den domstolen som har behandla saka.

Kva må ankeerklæringa innehalde?

I ankeerklæringa må du nemne

- kva for avgjerd du ankar
- kva for domstol du ankar til
- namn og adresse på partar, partsrepresentantar og prosessfullmektigar
- kva du meiner er feil med den avgjerda som er tatt
- den faktiske og rettslege grunnivinga for at det ligg føre feil
- kva for nye fakta, bevis eller rettslege grunnar du vil leggje fram
- om anken gjeld heile avgjerda eller berre delar av den
- det kravet ankesaka gjeld, og kva for resultat du krev
- grunnlaget for at retten kan behandle anken, dersom det har vore tvil om det
- korleis du meiner anken skal behandlast vidare

Dersom du vil anke ein dom frå tingretten til lagmannsretten

Dommar frå tingretten kan ankast til lagmannsretten. Du kan anke ein dom dersom du meiner det er

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i dommen
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Dersom du vil anke, må du sende ei skriftleg ankeerklæring til den tingretten som har behandla saka. Dersom du fører saka sjølv utan advokat, kan du møte opp i tingretten og anke munnleg. Retten kan og tillate at prosessfullmektigar som ikkje er advokatar, ankar munnleg.

Det er til vanleg ei munnleg forhandling i lagmannsretten som avgjer anke over dom. Ved ankebehandlinga skal lagmannsretten konsentrere seg om dei delane av avgjerda til tingretten som er omtvista, og som der er knytt tvil til.

Lagmannsretten kan nekte å behandle ein anke dersom lagmannsretten kjem til at det er klart at dommen frå tingretten ikkje vil bli endra. I tillegg kan retten nekte å behandle enkelte krav eller ankegrunnar sjølv om resten av anken blir behandla.

Retten til å anke er avgrensa i saker som gjeld formueverdi under 125 000 kroner

Dersom anken gjeld ein formueverdi under 125 000 kroner, blir det kravd samtykke frå lagmannsretten for at anken skal kunne bli behandla.

Når lagmannsretten vurderer om den skal gi samtykke, legg retten vekt på

- saka sin karakter
- partane sitt behov for å få saka prøvd på ny
- om det ser ut til å vere svake sider ved avgjerda som er anka, eller ved behandlinga av saka

Dersom du vil anke avgjerd i lagmannsretten til Høgsterett

Høgsterett er ankeinstans for avgjerder i lagmannsretten.

Anke til Høgsterett over *dom* krev alltid samtykke frå ankeutvalet i Høgsterett. Samtykke blir berre gitt når anken gjeld spørsmål som har betydning ut over den aktuelle saka, eller det av andre grunnar er særleg viktig å få saka behandla av Høgsterett. Anke over dom blir til vanleg avgjort etter munnleg forhandling.